



Også Aitske og Pieter de Jong trivst i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedal Båtlag kan melda om rekordbesøk for sesongen denne helga.

Natt til laurdag var det så mange som 35 gjestebåtar i hamna og laurdag kom talet opp i 33. Den tidlegare døgnrekorden denne sesongen var 32. Sondag kveld vart det naturleg nok ein reduksjon – til 23 - men det samla talet dei tre dagane kom heilt opp i 91..

Det er tydeleg at finveret har verka svært gunstig på besøket. Sist helg (fredag, laurdag, sondag) var "berre" 64 båtar innom.

Det har vore besøk frå mange nasjonar også denne sommaren, men nederlendarane har stort sett glimra med sitt fráver. Det gjorde dei ikkje sondag, då det kom to nederlandske seglbåtar inn i hamna. Ein av dei var frå Enkhuizen og Aitske og Pieter de Jong kunne opplysa til uskedalen.no at dei var innom Uskedalen også i fjor. Kvifor dei kom att? Jo, fordi dette er ein flott stad frå naturen si side og fordi dei i fjor for første gong i sitt liv fekk gode fiskefangstar!

Måndag skal dei vandra frå Sundal og opp på breen.

Det store besøket innebar eit stort press også på den opne containaren, som sondag kveld var på bristepunktet. Den bør tømmast måndag!

Av Ola Matti Mathisen